



**Sakshandsamar**

Håvard Tveit

**Arkivsak - Journalpost**

15/664 - 16/3558

**Arkivkode**

FA-S82, TI-&13

**Dato**

19.04.2016

## Saksframlegg

### Høyring av tilleggssøknad med endra trase vedk. kraftliner frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon

Saksnummer	Utval	Møtedato
030/16	Kommunestyret	28.04.2016

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

#### Utsende saksdokument

Høyring på konsesjonsøknad for kraftliner frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon.

201502028-56 - Søknad om utsatt høringsfrist til 05052016 - Tilleggssøknad 132 kV Dalsbotnfjellet - Frøyset

Høyring av tilleggssøknad vedk. 132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk-Frøyset

#### Ikkje utsende saksdokument

- Fullstendig søknadsgrunnlag på <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=4335&type=A-1>


#### Bakgrunn for saka

Zephyr AS planlegg nettilknyting av Dalsbotnfjellet vindkraftverk med trasé sørover til Frøyset trafo. Vindkraftverket fekk konsesjon i 2013 med felles nettilknyting med Brosviksåta vindkraftverk. SAE vind trekte i 2014 sitt vindkraftprosjekt på Brosviksåta. Nettilknyttinga vart ikkje trekt, men Zephyr AS ser det som hensiktsmessig å søke om konsesjon på ein noko kortare trasé der ein unngår nokre av utfordringane som kom fram i konsesjonshandsaminga i 2013.

Sommaren 2015 søkte difor Zephyr AS konsesjon for ein nettrasè lenger aust. Denne trasèen er i det vidare omtala som alternativ 1. Zephyr AS har no komme med ein tilleggssøknad for ein endra kraftlinetrasè mellom Dalsbotnfjellet vindkraftanlegg og Frøyset transformatorstasjon. Gulen kommune har fått frist til 5.mai for å komme med sine innspel til søknaden.

Endringa skuldast betydeleg motstand i Masfjorden mot søndre del av trasèen i alternativ 1 gjennom Myrdalen, og fylkeskommunal merknad om trasèvalet langs Stølsvatnet ved Haugestølen. Myrdalen er eit mykje brukt turområde og eit viktig skogsområde, og endringa kring Stølsvatnet gjev betre landskapstilpassing og tek meir omsyn til Haugestølen.

Zephyr AS skisserar 2 nye alternative trasèar – alternativ 2 og 3. Dei søker om konsesjon for alternativ 3. Dei ulike kraftlinetrasèane er synte i figuren under.



Alternative nettrasear. Zephyr AS søker om konsesjon for alternativ 3. Den raude streken er alternativ 1.

## Saksvurdering

I tilleggssøknaden er konsekvensane for dei same tema som hovudsøknaden vurderte; landskap, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og nærmiljø, naturmangfold og landbruk. Figuren under syner ein tabell der tema er samanlikna mellom ulike trasèalternativ. Samla viser oversikta at alternativ 3 kjem gunstigare ut enn dei to andre alternativene.

**Tabell 7.1.** Rangering av de alternative traseene for hvert utredningstema.

Tallverdiene 1- 3 står for beste - dårligste alternativ. Der det ikke er forskjeller mellom alternativene, gis samme rangering. Kun der det er forskjell mellom alle tre alternativene, gis rangering nr. 3.

Tema	Alternative traseer		
	1	2	3
Landskap	1	2	2
Kulturminner og kulturlandskap	2	2	1
Friluftsliv og nærmiljø	1	2	3
Naturmangfold	1	1	1
Landbruk	3	2	1

Alternativ 3 har noko dårlegare landskapstilpassing og medfører større tap av inngrepsfrie areal enn det opprinnelege alternativet, men ved å unngå å legge lina i ein dal, reduserer ein sjansen for konflikt med kulturminne. Vidare går alternativ 3 utanom gode skogsområde.

Alternativ 1 vart handsama av Gulen kommune med slikt vedtak:

**Vedtak KOM-064/15**

*Gulen kommune går imot at det vert gjeve konsesjon til Zephyr AS for ny nettrasé.*

*Område Oppdalsøyra – Kjelby har fått stor belastning i friluftsområde ved Kløvtveit utbygginga. Ved å legge ein ny nettrasé i dette område vil dette medføre ei endå større belastning for område. Dei som bur og bruker dette område for kultur og friluftsområde.*

Alternativ 3 medfører ei endring i høve til alternativ 1 i dette området, då kryssinga av dalføret mellom Opdalsøyra og Kjelbju skjer lenger nord – frå Varden og rett sør for Krossvollen. Endringa medfører kortare avstand enn tidlegare frå lina og til eksisterande og planlagde bustadhus på Krossvoll og hytter mellom Krossvoll og Kjelbju, men gjev lengre avstand til ein del av husa på Kjelbju. Grensa for strålingsfare er 25 meter. For bebuarane i dette området er alternativ 3 truleg dårlegare enn alternativ 1 og 2.



Kryssing av dalføre ved Krossvoll/Kjellbjø. Kraftlinetrasè synt som stipla line.

Dersom Gulen kommune held fast på vedtaket om ikkje å gje konsesjon til kraftliner i området kring Opdalsøyra – og det også vert resultatet etter NVE/OED si endelege handsaming av Dalsbotnfjellet vindkraftverk, medfører dette at ei eventuell kraftline følgjer trasèen som vart vedteken når NVE gav konsesjon til Dalsbotnfjellet og Brosviksåta vindkraftanlegg. Denne trasèen kryssar Gulafjorden ved Svaberget og går mellom anna gjennom Dalsbygda. Administrasjonen finn ikkje at denne løysinga er vesentleg betre for Gulen når Brosviksåta vindkraftanlegg ikkje lenger er aktuelt.

### **Konklusjon**

Gulen kommune synast negative til å leggje ei kraftline i området kring Opdalsøyra, og ettersom den nye trasèen ikkje betrar tilhøva for bebruarane i området, legg administrasjonen til grunn at det nye trasèvalet ikkje endrar vesentleg på denne vurderinga. Zephyr AS har i dag konsesjon for ein nettrasè.

Dersom det vert aktuelt å legge kraftliner i dette området, vurderar administrasjonen alternativ 1 og 2 som betre enn alternativ 3. Tek ein i tillegg omsyn til Masfjorden kommune, er truleg alternativ 2 å føretekke.

### **Administrasjonen sitt framlegg til vedtak**

Gulen kommune er i utgangspunktet negative til Dalsbotnfjellet vindkraftanlegg. Dersom vindkraftanlegget likevel vert er realitet, vurderar Gulen kommune nettrasèen synt som alternativ 2 som den beste av dei tre skisserte alternativa i tilleggssøknaden frå Zephyr AS.

Alternativ 2 er også å føretekke framfor trasèen Zephyr AS har fått konsesjon for i samband med konsesjonen for Dalsbotnfjellet og Brosviksåta vindparkanlegg.

## **Røysting**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak KOM-030/16**

Gulen kommune er i utgangspunktet negative til Dalsbotnfjellet vindkraftanlegg. Dersom vindkraftanlegget likevel vert er realitet, vurderar Gulen kommune nettrasèen synt som alternativ 2 som den beste av dei tre skisserte alternativa i tilleggssøknaden frå Zephyr AS.

Alternativ 2 er også å føretekke framfor trasèen Zephyr AS har fått konsesjon for i samband med konsesjonen for Dalsbotnfjellet og Brosviksåta vindparkanlegg.